

## DU KAN GJERE EIN INNSATS FOR VASSMILJØET!

**Vi har store oppgåver å gripe fatt i, seier Staffan Hjohlman, prosjektleiar for Vassområde Nordfjord. Vassområdeutvalet har kome fram til kva som er dei viktigaste utfordringane i vassområdet.**

Utfordringane i Nordfjord er samanfatta i dokumentet "Innspeil til vesentlege vassforvaltnings spørsmål" (<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=47223&amid=3612649>). Den aller største utfordringa er kunnskapsmangel. Prosjektleiaren oppfordrar difor rettighetshavarar, private og almenne brukarar av vassførekomstane, interesseorganisasjonar og andre interesserte til å kome med innspel til dokumentet innan 31. desember. – Er der problem som ikkje er fanga opp i dokumentet? Er du usamd i miljøtilstanden som er gjeve for ein elv, innsjø, eller eit fjord-, kyst- eller gruntvassområde? Eg vil også invitere lærarar og elevar på skulane til samarbeid i temaet, seier Hjohlman.

Påverkarane må betale

Vi står no framføre omfattande planlegging av tiltak for å bringe opp vasskvaliteten på eit akseptabelt nivå. Tiltaka skal setjast i verk etter prinsippet om at påverkaren/forureinaren skal betale, opplyser Hjohlman. I 2013 vil Vassområdeutvalet utarbeide ein rapport over aktuelle tiltak, så kalla tiltaksanalyse. Rapporten vil etter behandling hos Fylkeskommunen vere eit viktig grunnlag til styresmaktene for å gjere pålegg om tiltak.

Dei som påverkar vassmiljøet i Nordfjord bør difor av eigeninteresse følgje med på arbeidet som føregår, og ta aktiv del i prosessen, til dømes ved å melde seg inn i referansegruppa til vassområdeutvalet. Dette gjeld mellom anna kraftselskap, bønder, fiskeoppdrettarar, kommunar og industri. Brukarar og interessehavarar av vatnet vil og få høve til å spele inn synspunkt på arbeidet.



*Vassforvaltning handlar også om badevasskvalitet (foto: Gløppen Camping)*

---

Dei største utfordringane i kommunane:

I Selje kommune er Moldefjorden truga av forureining frå industri og fiskeoppdrett. Vassdraga i Ervik, Hoddevik og Flatraket oppnår ikkje målet om god økologisk tilstand. Grunnen er påverknad frå rømt oppdrettsfisk, lakselus og endringar av elveløp grunna flomverk og forbyggingar. Austre del av Stadlandet er ikkje omfatta av Nordfjord vassområde, men høyrer til Søre Sunnmøre vassområde.

I Vågsøy kommune er hovudproblema forureining frå fiske- og verftsindustri og kommunale avløp, særleg i Ulvesundet og Skavøypollen. Rimstadelva synast å vere påverka av landbruk. Lakselus er ein utfordring for fiskebestanden her.

I Bremanger kommune er Fjorden Nordgulen belasta med ureining frå industri, kommunale avløp og fiskeoppdrett. Omfattande vasskraftutbygging er ei hovudutfordring for økologien i elvar og innsjøar. Forsuring er ei anna viktig faktor i vassdraga. Lakselus synast å påverke fiskebestandane i elvane.

I Eid kommune er forureining frå kommunale avløp, jordbruk og industri noko ein må sjå nærare på. Det er og peika på at vasskraftregulering og andre fysiske inngrep som flomverk og forbyggingar kan redusere biologisk mangfald, mellom anna gyte- og levetilhøva for fisk. Lakselus og rømt oppdrettsfisk er og ein utfordring.

I Hornindal kommune har vasskraftregulering innverknad på store deler av vassdraga. Også her er forureining frå landbruk og kommunale avløp noko ein må sjå nærare på.

I Stryn kommune har forureining frå jordbruk, industri, kommunale avløp og avfallsdeponi vesentleg innverknad på vassmiljøet. Flomverk, forbygging og andre fysiske endringar av elveløp er den vanlegaste grunnen til redusert økologisk tilstand i vassmiljøet. Dette har mellom anna innverknad på gyte- og levetilhøva for fisk. Fylkesmannen har og registrert negativ påverknad frå lakselus og rømt oppdrettsfisk på laksebestandane.

I Gloppen kommune er rømt oppdrettsfisk og lakselus grunnen til at 5 elvar har dårleg økologisk tilstand, i følge Fylkesmannen sine registreringar. Flomverk/forbygging og vasskraftregulering er elles dei vanlegaste grunnane til redusert økologisk tilstand i elvane. Landbruket er ei anna vesentleg påverknadsfaktor, medan kommunale avløp reduserer vasskvaliteten i Gloppefjorden og Storelva i Breim.

I Jølster kommune høyrer områda nordaust for Skei til Nordfjord vassområde, fordi dei har avrenning til Nordfjorden. Her er det vasskraftregulering og flomverk/forbyggingar som påverkar flest vassførekomstar, medan ureining frå landbruk gjer seg gjeldande i Befringselva-Votedalselva.

---

Bildetekst til vedlagde foto:

Vassforvaltning handlar også om badevasskvalitet (foto: Gloppen camping)

---

Fakta om vassforvaltning:

Vassforskrifta (Forskrift om rammer for vassforvaltning) har som mål at alle vassførekomstar skal ha god eller svært god miljøtilstand i 2021.

Nordfjord er eit av 4 vassområde i vassregion Sogn og Fjordane, der Fylkeskommunen er vassregionmynde..

Nordfjord vassområdeutval har representantar frå kommunane, Fylkeskommunen, Fylkesmannen, NVE, Vegvesenet, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Kystverket.

Meir informasjon:

- Vannportalen: <http://www.vannportalen.no/sognogfjordane>
- Vann-nett: [http://vann-nett.nve.no/portal/Areas.aspx?MS\\_SubUnitCode=5106-03&SearchType=Area&AreaName=Nordfjord](http://vann-nett.nve.no/portal/Areas.aspx?MS_SubUnitCode=5106-03&SearchType=Area&AreaName=Nordfjord)

Staffan Hjohlman

Prosjektleiar Vassområde Nordfjord

Gloppen kommune, tlf 90 40 26 61